



BKK Nett AS
Postboks 7050
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2898 - 16/19513

Saksbehandlar:
Trude Langedal
trude.langedal@lindas.kommune.no

Dato:
07.07.2016

Kunngjering godkjent reguleringsplan for Fv. 404, strekninga Kvamme – til kryss ved kommunal veg Fossavatnet med planID 1263-201112-offentlege

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vert det kunngjort at kommunestyret i møte den 16.06.2016, sak 037/16, godkjende reguleringsplan for Fv. 404- Kvamme- Fossevatnet med planID 1263-201112.

Reguleringsplanen omfattar ei vegstrekning på 2,4 km frå Kvamme til kryss med kommunal veg til Fossavatnet. Strekninga har dårleg standard og ikkje er tilrettelagt for mjuke trafikantar. Med dagens trafikkmengde og planlagt utbygging i området er det behov for opprusting av vegstrekninga med utbygging av fortau. Hovudføremålet med planarbeidet er å legge til rette for ein smal 2-felts veg med fortau og kantstopp for kollektivtransport.

Planframlegget for Fv 404 strekninga Kvamme-Fossevatnet har vore på 3 offentlege ettersyn og høyringar i løpet av planprosessen som starta på våren 2011.

Planframlegget har vorte endra fleire gonger som følgje av innspel frå Statens vegvesen og høyringsinnspel frå grunneigarar og naboar langs vegstrekninga.

Framlegget var ute på 3.gangs høyring i perioden 26.februar-26.mars 2016. Det kom til saman 14 merknadar til planframlegget, 2 offentlege og 12 private. I høyringsperioden har administrasjonen hatt fleire møter og ein synfaring med grunneigarar som har bedt om det. Merknadane etter 3.gangs høyring vart vurdert i møte med Statens vegvesen, planleggjar frå ABO og administrasjonen.

Det er med bakgrunn i merknadshandsaminga gjort nokre mindre endringar i planframlegget, desse endringane er:

1. Det er lagt inn avkjørsel frå Fv. 404 til gbnr. 145/96, Skarsvegen 325.
2. Busshaldeplass ved bedehus er ikkje flytta, det er lagt inn fortau og støyskjerm langs gbnr. 145/45, Skarsvegen 290.
3. Vegtrasen er justert ved Kvamsbrekka
4. Erstatning av eksisterande tilkomst til hytteeigedommane gbnr. 145/67 og 141/15 er innarbeidd i føresegn § 4.5.2.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



5. Det er innarbeidd i føresegn § 4.5.3 at det kan leggest til rette for parkeringsplassar på areal gbnr. 144/41, annan veggrunn grøntareal.
6. Det er lagt inn i føresegn § 4.4.2 at innkjøring til Kvamsvåg Landhandel frå sør berre kan nyttast for varelevering til næringsverksemd og skiltast med innkøyring forbode. Om næringsverksemda opphøyrer skal avkøyringa stengast for køyrety.

Reguleringsplanen ligg til gjennomsyn frå 09.07.2016 til 20.08.2016 i ekspedisjonen på Lindås rådhus. Planen vil også verte å finne på braPLA: <http://www.geoweb.no/braplan/>. Søk på planID 1263-201112, dokumenter.

OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN

Vedtaket om eigengodkjenning kan påklagast av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf plan- og bygningslova § 12-12, 3. ledd. Klagefristen er etter forvaltningslova § 29, 3 veker frå denne kunngjeringa. Grunna ferieavviklinga vert klagefristen forlenga med to veker.

Eventuell klage bør grunngjevast og skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland og sendast til: *Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ*, eller til postmottak@lindas.kommune.no innan 20.08.2016

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk i området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jamfør plan- og bygningslova § 12-4. Det vert også vist til plan- og bygningslova § 15-2 og § 15-3, krav om innløysing og erstatning for tap ved reguleringsplan.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Trude Langedal
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

4.gangs handsaming av reguleringsplan for Fv. 404- Kvamme- Fossevatnet med planID 1263-201112

C002

C003

D002

D003

Reguleringsføresegner 25.05.2016

Reguleringsplan 1av2

Reguleringsplan 2av2

TP-typisk

Tverrprofiler 404

Planomtale_Fv 404 25.05.2016

D001

C001

Mottakrar:

BKK Nett AS	Postboks 7050	5020	Bergen
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Hordaland politidistrikt			
Nordhordland og Gulen	Kjevikdalen		
Interkommunale			
Renovasjonsselskap			
Skys AS	Serviceboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen region vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Telenor Kabelnett			